

RU-møte - 31. okt. kl. 16:15

Stad: rom 1005, Realfagbygget

Dette vert eit kortare møte, då me sparar opp ein del diskusjonar til seminaret i midten av november.

Hovudsaka er ombyggingsplanar.

Tenk ut på førehand spørsmål på kva de lurar på og innspel til kva som er viktig framover.

Det vert, tradisjon tru, mat og drikke :-)

Agenda:

0. Oppmøte, pizza og kort orientering om kva som skjer

1. Orientering om ombyggingsplanar v/ fakultetsdirektør Bjørn-Åge Tømmerås

Både Realfagbygget, og planar elles på fakultetet.

Høve til å stille spørsmål, diskutere og kome med innspel.

3. Budsjett for 2014

For 2013 vart Realistutvalget tildelt 40 000 (90 000, der 50 000 er til fadderstyret).

Ambisjonen er å auke aktivitetsnivået i Realistutvalget, og derunder auke budsjettet for å kunne ha fleire tiltak og arrangement.

Målet med denne saka er å drøfte kva ein ønskjer å bruke pengar på i 2014, så ein har noko meir konkret å sende til fakultet, som skal behandle fordeling på møte i desember.

Vi treng ikkje å ha nøyaktige tal. Hovudpøenget er å få fram planar og idear for auka aktivitet.

Nokre aktuelle postar:

<u>Post</u>	<u>2014</u>	<u>2013</u>
Fagutvalg-hefter	8 000	6 000
Lynpresentasjonar	15 000	13 000
Møtemat	10 000	oppunder 10 000
Profileringsmateriale	5 000	ikkje brukt endå
Arrangement	10 000	(t.d. kurs, mat til sosialt arrangement for alle tillitsvalgte)
<i>Sum</i>	<i>48 000</i>	

Ev. honorering skal kome utanom driftsbudsjettet.

4. Orienteringar og småsaker

- Sykkelparkering
- Fadderstyre 2014
- NOKUT studentbarometer
- Faste arbeidsoppgåver for RU
- Saker frå møte med fakultetsleiinga formiddagen 31/10
- Tillitsvalgt-seminaret 15.-16. nov

5. Sosialt

6. Eventuelt

7. Neste møte

Når skal vi ha neste RU-møte?

Kva saker skal opp på møtet?